
Saknr: 2020/35781-3
Saksbehandlar Bente Utne
Dato: 08.05.2020

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Status per primo mai 2020 – Fv. 567 Hosanger sentrum

Kontrollutvalet fatta følgjande vedtak i møtet 13.02.2020:-

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen koma med ny skriftleg og munnleg statusrapportering når det gjeld vidare oppfølging av punkt 2 som gjeld gråsteinsmuren, til møte i utvalet 08.06.2020.
2. Den skriftlege rapporteringa vert å sende sekretariatet innan 18.05.2020.
3. Etter ei totalvurdering, seier kontrollutvalet seg samd med fylkesrådmannen i at det er svært vanskeleg for Vestland fylkeskommune å svare meir detaljert på dei andre punkta. Kontrollutvalet seier seg difor ferdig med den delen av saka.
4. Kontrollutvalet gjer merksam på at ei formell klage på prosjektet ikkje vil verta handsama av utvalet, då kontrollutvalet ikkje er eit klageorgan.

Status per primo mai

Fylkesrådmannen ved Avdeling for infrastruktur og veg (INV) har vore i kontakt med Osterøy kommune. Jamfør vedlagt brev frå kommunen av 21.04.2020 i samband med oppfølging av punktet om gråsteinsmuren. Fylkesrådmannen finn grunn til å presisere at punktet om gråsteinsmuren gjeld utforming av grunnmuren på to naust som blei flytta i samband med vegprosjektet.

Lars Mjøs sitt notat av 15.11.2018 punkt 2:

«2 naust som vart flytta, stod på gråsteinsmurar og står no på betongsteinsmurar. Dette er i strid med vernebestemmelsene i gjeldande reguleringsplan for Hosanger sentrum: «Eksisterande bygg kan setjast i stand ved å nytte same målestokk, takform, fasadar, inndeling av vindauge, utforming av dører og vindauge samt materialbruk som i opphavlege bygg.»

Statens vegvesen sitt svar til Lars Mjøs av 30.07.2019:

«Det er utarbeidet et notat «Notat fra befaring naust» datert 27.01.2014. I notatet er et naust beskrevet med: «Veggenes bunnsvill er opplagt på stablet steinmur med unntak av nøstets bakre del som er opplagt på støpt ringmur med tykkelse ca. 100mm og høyde ca. 200mm».

Et naust er beskrevet slik: «Veggene er lagt direkte mot underlaget som består av murt stein som er løst stablet».

I kontrakten med entreprenør er det gitt utførelseskrav for flytting av naust:

«-Grunnarbeider: Etablere ny grunnmur etter tilsvarende tørrmurt utførelse som eksisterende».

Ved gjennomgangen ble det ikke funnet saksbehandling vedrørende endring av utførelsesmetode. Det er derfor ikke klart hvorfor hele, og ikke bare deler av grunnmur er utført som støpt mur».

Vestland fylkeskommune har kontakta dei aktuelle grunneigarane som kommunen har oppgitt. Eigedomsforholda er komplekse, for nokre av nausta er grunneigar og nausteigar ulik, og ein har per no heller ikkje fått endeleg avklart kva naust som vart flytta, og det må såleis undersøkjast nærare. Det er også mogeleg at vegeigar er formell eigar av (delar av) grunnen, sjølv om dette ikkje går fram av grunnboka, då dette ikkje var eit krav i eldre lovverk. Fylkesrådmannen vil understreka at så langt vi kjenner til er det ikkje mottatt klage på nausta verken frå grunn- eller nausteigarar.

Ut frå innhenta opplysingar synest det nødvendig å gjennomføra ei befarung i området. Dette har vore vanskeleg den seinare tida grunna koronasituasjonen. Fylkesrådmannen vil saman med kommunen søkja å finna løysingar og mogelege rettingstiltak.

Statens vegvesen informerte (det tidlegare) kontrollutvalet den 25.11.2019 om at prosjektoppfølgning og prosjektdokumentasjon på dette prosjektet var mangelfullt, men at dette er langt betre no, jamfør m.a. Håndbok R-760 Styring av vegprosjekter. Prosjektet var planlagt frå 2012 og utført i hovudsak i perioden 2015-2016.